

Fiskeridirektør


T. Skard

KLAUS SUNNANÅ

Norge og Romatraktaten

**Søknad om
medlemskap
er det same
som å godta
Romatraktaten**

*og gå over
frå folkestyre
til ekspertstyre
og embetsvelde*



Aksjon mot medlemskap i Fellesmarkedet.
Bergen avdeling.

Trykt i Døves Trykkeri A.s

Det Europeiske Økonomiske Fellesskap kan ikkje vurderast berre som ein handelspolitisk avtale: For det er noko langt meir. Det kan heller ikkje vurderast berre som eit økonomisk fellesskap – for det femner også langt vidare enn det. Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet er ein av dei mest storstilte og dristigaste økonomiske og politiske statsdannelser og maktkonsentrasjonar som vi har hatt i Europa og sannsynligvis i verda i det siste 200 år.

Målet er å skape ei super-stormakt av flest mulig – og helst alle – vest-europeiske land og stater. Det er på dette grunnlaget vi må ta stilling til om Norge skal slutte seg til denne store samanslutninga.

Roma-avtalen av 25. mars 1957 er ein avtale om meir enn tollsatser og handelspolitiske vilkår. I avtalen er det sagt at heile det økonomiske livet i medlemslanda skal integrerast, koordinerast og harmoniserast, som det heiter i avtalen. Art. 3 i avtalen lyder slik:

«For de formål som er angitt i foregående artikkel, skal Felleskapets virksomhet under de forhold og i samsvar med det tidskjema som Traktaten forutsetter, omfatte følgende:

- a) opphevelsen av toll- og mengdereguleringer mellom medlemsstatene med hensyn til import og eksport av varer, så vel som av alle andre virkemidler med tilsvarende virkning.
- b) innføringen av en felles tolltariff og en felles handelspolitikk overfor tredjeland.
- c) fjernelsen mellom medlemsstatene av hindringer for den frie bevegelse for personer, tjeneste-ytelser og kapital.
- d) innføringen av en felles landbrukspolitikk.
- e) innføringen av en felles transportpolitikk.
- f) opprettelsen av et system for å sikre at konkurransevilkårene innen Fellesmarkedet ikke forrykkes.
- g) gjennomføringen av tiltak som gjør det mulig å samordne medlemsstatenes økonomiske politikk og motvirke mangel på likevekt i deres betalingsbalanser.
- h) harmoniseringen av medlemsstatenes nasjonale lovgivning i den utstrekning det er nødvendig for Fellesmarkedets funksjon.

- i) opprettelsen av et Europeisk Sosialfond med sikte på å bedre arbeidsmulighetene for arbeidstakerne og bidra til å heve deres levestandard.
- j) opprettelsen av en Europeisk Investeringsbank med sikte på å fremme Fellesskapets økonomiske utvikling ved å skape nye kredittmuligheter.
- k) assosiering av oversjøiske land og områder med sikte på å øke handelen og for i fellesskap å styrke bestrebelsene for økonomisk og sosial utvikling».

Å avskaffe alle slag handelsrestriksjonar, toll og andre kvantitative restriksjonar for handelen, er den første og fremste oppgåva etter traktaten. Dette skal skje i ei overgangstid på 12–15 år etter reglar som er nærare fastsette i avtalen. Denne overgangstida er delt i 3 etapper som skal vere på 4 år kvar. Samstundes skal det setjast i verk ein felles ytre tolltariff for alle dei land som er med i Fellesskapet. I same tidsromet skal den integreringa som er nevnt i art. 3 bli gjennomført.

Dette vil segje at ein får ein økonomisk politikk etter dei same retningslinjer i heile området, felles landbrukspolitikk, og herunder høyrer også fiskeripolitikken, felles samferdselspolitikk, felles fritt arbeidsmarked og fritt kapitalmarked i heile området, fri etableringsrett, harmonisering av lovgivinga og skiping av eit europeisk sosialt fond og likeeins av ein europeisk investeringsbank.

Det siste som er gjort på dette området er at dei 6 medlemslanda den 14. januar d.å. blei samde om ein felles landsbrukspolitikk. Kva den går ut på i detaljer, er det vel svært få utanom dei sentrale instansar som veit noko om i dag. Vi veit berre at det kosta langvarige tingingar og mykje strid før dei blei samde.

Det er også grunn til å understreke at dei ulike økonomiske mål som Fellesskapet har sett seg til kvar tid skal samordnast slik at dei passer inn i kvarandre og bli eit heilstøyp system.

Det er tydeleg når ein studerar Roma-avtalen, at Fellesskapet har ein sterk politisk karakter, i all fall på det økonomiske og sosiale område. Men den politiske karakteren går langt utover det. Til grunn for heile Fellesskapet ligg eit politisk grunnsyn som i mange år har gjort seg sterk gjeldande i den politiske diskusjon i Europa og likeeins i Amerika. Sterke grupper har ikkje blitt trøytt av å vise til den minkande politiske innverknad som Vest-Europa har hatt i den seinare tid. Dei hevdar at grunnen til dette er at Vest-Europa er delt opp i mange små stater som i lang tid har lege i strid og konkurranse med kvarandre. Økonomisk har dei peikt på at alle tollgrensene og andre handelsrestriksjonar i Vest-Europa har skapt vanskar for masseproduksjon, spesialisering og utnytting av den moderne teknikken. Dei hevda også at dei store kontinentalstatene som USA, og Sovjetsamveldet m.a. på grunn av dei store markeder innan sine egne område, hadde

overtatt den posisjon som Europa hadde tidlegare. Dei meinte vidare at skulle Europa igjen koma på høg med dei store stater i verda, måtte dei europeiske land gå saman og skipa overstatlege organ som kunne ta avgjerder ved fleirtalsvedtak som var bindande for dei enkelte stater og deira borgarar.

I frå 1949 og framover har det vore lagt ned eit stort arbeid i Tyskland, Belgia og Frankrike for å setja desse tankane ut i livet. Det første resultat av det arbeidet var kol- og stålfellesskapet. Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet er ei vidareføring av kol- og stål-fellesskapet og er bygd opp etter tilsvarende prinsipper. Det grunnleggjande prinsipp både i kol- og stål-fellesskapet og i Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet er at den avgjerande myndighet er lagt til overstatlege organ, som kan gjere vedtak som er bindande for medlemsstatene og borgarane i desse.

Fellesskapet er bygt opp som eit udemokratisk ekspertstyre.

Dei institusjonar som har makt og myndighet i Fellesskapet er Ministerrådet, Kommissjonen, ei Parlamentarisk Forsamling og ein domstol. Dessutan er der ein Økonomisk og Sosial Komité.

Ministerrådet er sett saman av ein representant for regjeringa i kvar av medlemslanda. Ministerrådet skal først og fremst syte for at den økonomiske politikken i medlemsstatene blir samordna. Det har myndighet til å treffe dei vedtak som må gjerast etter Roma-avtalen. Som regel skal vedtak bli gjort etter innstilling frå Kommissjonen og ein må merke seg at Ministerrådet ikkje kan gjere forandring i ein slik innstilling frå Kommissjonen, utan at vedtaket er samrøystes i rådet. Til gjengjeld har Kommissjonen høve til å gjere brigde i sin innstilling så lenge rådet ikkje har gjort noko vedtak. Dette viser samanhengen mellom Kommissjonen og Ministerrådet. Kommissjonen er det faglige organ som skal leggje til rette grunnlaget for alle vedtak i Ministerrådet, og er utan tvil det mektigaste organet i Fellesskapet.

Til denne tid har alle vedtak i Ministerrådet måtta vore samrøystes, fordi Fellesskapet har vore inne i den første etappe av overgangsperioden. I og med at den felles landbrukspolitikken blei vedtatt den 14. januar d.å., er denne perioden slutt. Fellesskapet er kome inn i den andre av dei 3 etapper som er nevnt tidligare. Nå treng ikkje alle vedtak vere samrøystes lenger. Det er i dei fleste saker nok med eit såkalla kvalifisert fleirtal på basis av eit stemmerettssystem. Kvart land har så og så mange stemmer på grunnlag av eit system som er fastlagt i avtalen. Tyskland, Frankrike og Italia har 4 stemmer kvar, Belgia og Nederland har 2 stemmer kvar og Luxembourg 1 stemme. Dette blir tilsammen 17 stemmer og 6 medlemsstater. Til eit såkalla kvalifisert fleirtal krevst det 12 stemmer.

Når det gjeld vateringsystemet er det nok å slå fast at i dei fleste saker vil dei store medlemsstatene, Frankrike, Italia og Tyskland kunne setje sin vilje gjennom imot dei andre, men i visse saker er det fastlagt at i det minste ein av dei mindre stater også må vere med for at eit vedtak skal vere gyldig. Frå nå av er det ikkje turvande at noko vedtak som blir gjort i Ministerrådet skal vere samrøystes, så sant det er i samsvar med Roma-avtalen.

Kommisjonen, som utan tvil er den viktigaste av alle organa i Fellesskapet er samansatt av 9 statsborgarar frå medlemsstatene. Dei skal veljast på grunnlag av, som det heiter, «alminnelig dyktighet og uomtvistelig uavhengighet», og dei fungerer for 4 år om gongen.

Her er det viktig å slå fast at medlemmene i Kommisjonen ikkje er representantar for Regjeringane. Dei er heilt uavhengige og skal etter traktaten berre handle i Fellesskapet si interesse, som det heiter. Ingen regjering i noko land innan Fellesskapet kan gi instruks til det medlem av Kommisjonen som måtte vere statsborgar i vedkomande land. Det heiter om dette i Art. 157 i avtalen: «Medlemmene av Kommisjonen skal utøve sine verv i full uavhengighet i Fellesskapets almannelige interesse. – I oppfyllelsen av sine plikter skal dei ikkje søke eller motta instruksar fra noen regjering eller noe annet organ.» – Kommisjonen har fått store og viktige oppgåver i Fellesskapet. Den har på mange vis, men ikkje heilt, same funksjon som ei regjering.

Fellesskapet har også ein Økonomisk og Sosial Komité, som er rådgivande for Kommisjonen i visse spørsmål.

Den Parlamentariske Forsamling er samansatt av parlamentarikarar frå parlamentene i medlemslanda og oppnevnt av desse. Forsamlinga «skal utøve den rådgivende og kontrollerende myndighet som er tillagt den i denne traktat», heiter det i avtalen.

Det er viktig å notere seg at medlemmene i den Parlamentariske Forsamling heller ikkje er bundne av instruksar frå dei nasjonalforsamlingar som har oppnevnt dei. Det er meininga med tida å koma fram til eit system, slik at den Parlamentariske Forsamling kan bli vald etter same valreglar i alle medlemsstater ved direkte val. Forsamlinga har utarbeid eit slikt forslag, men det er ennå ikkje sett ut i livet.

Forsamlinga har i dag 142 representantar. Frankrike, Italia og Tyskland har 36 kvar, Belgia og Nederland 14 kvar og Luxembourg 6. Den Parlamentariske Forsamling skal fungere som eit politisk kontrollorgan. Den kan også med 2/3 fleirtal vedta mistillitsvotum til Kommisjonen, men ikkje til Rådet. Det er ingen grunn til å gå i detaljer med omsyn til forsamlinga sitt arbeid. Det er nok å slå fast at forsamlinga på ingen måte har tilsvarande myndighet i Fellesskapet som ei nasjonalforsamling har i dei enkelte medlemsland.

Fellesskapet har også ein domstol som skal avgjere rettsspørsmål om fortolkninga av Roma-avtalen og likeeins dømme i saker mellom medlems-

statene, eller i saker som oppstår derved at Kommisjonen meiner at ein medlemsstat ikkje har oppfylt sine plikter.

Når ein studerar dei organa som er skapt gjennom Roma-avtalen og som også har som oppgåve å gjennomføre innhaldet i den, må ein merke seg at desse organa har overstatleg myndighet og at dei i heile sitt opplegg er antidemokratiske. Dei har fått overført stor myndighet frå nasjonalfor-samlingane i medlemslanda for ikkje å snakke om at heile systemet er i strid med det demokratiske syn som ligg til grunn for vårt politiske system og vår statsforvaltning.

Ministerrådet og Kommisjonen som tilsaman har omtrent all makt innan Fellesskapet, representerar ikkje noko demokratisk styreform, – men eit ekspertstyre. Eg brukar ordet ekspertstyre, og ikkje ordet byråkrati. Det gjer eg for å unngå den nedsetjande tyding som dette ordet ofte er brukt i. Det byråkratiet som Fellesskapet har bygd opp, og som har sitt sete i Brussel er i dag på om lag 2.000 mann. Det er ikkje noko ineffektivt administrasjonsapparat. Det er eit effektivt ekspertstyre med stor makt-hunger. Dersom Norge går inn i Fellesskapet, vil avgjerda i dei fleste saker som vedrører vårt økonomiske og sosiale liv bli tatt i Brussel i samsvar med Roma-avtalen og ikkje i Stortinget.

Det er her spørsmålet om å avgi suverenitet reiser seg.

Grunnlova, Stortinget og Fellesskapet.

Slik som den norske grunnlova er i dag, kan Norge ikkje bli medlem av Fellesskapet. Det kan også reisast tvil om Norge kan søkje om medlemskap, slik som grunnlova er nå. Det må grunnlovbrigde til for at Norge skal kunne bli med og det ligg også eit slikt framlegg i Stortinget. Det er innlevert i samsvar med dei regler som grunnlova har om grunnlovbrigde og må i tilfelle bli vedtatt av Stortinget før Norge kan koma inn i Fellesskapet. Dette framlegget er sett fram tidlegare, fordi spørsmålet om å avgi suverenitet til internasjonale organisasjonar har vore aktuelt i fleire år, og det har også vore reist tvil om grunnlova tillot vårt medlemskap i enkelte slike organisasjonar vi er med i. Det er forslaget til § 93 i grunnlova. Denne paragrafen er nå ledig.

Det er blitt ein stor diskusjon om dette spørsmålet, først og fremst fordi det oppropet som 143 norske kvinner og menn har sendt ut mot norsk medlemskap i Fellesmarkedet, har lagt stor vekt på dette.

Eg vil sitere kva det står i oppropet om dette:

«Sterke krefter i vårt land arbeider for dyptgripende forandringer i vår grunnlov, forandringer som vil føre til oppgivelse av Norges selvstendighet og suverenitet for et formål som er særdeles tvilsomt. Dette truer med å splitte det norske folk».

og til slutt i oppropet:

«Ingen forhandlinger om medlemsskap i Fellesmarkedet.

Ingen form for forhandlinger som innebærer noen oppgivelse av vår suverenitet».

Eg for min part vil ikkje vere med på å tilrå å avgi noko av Norges suverenitet til Fellesmarkedets organ, men kunne derimot godt tenkje meg å tilrå den formulering av § 93 i grunnlova som ligg føre i Stortinget. Men eg kan ikkje tilrå at den blir nytta som grunnlag for å gå inn i Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet. Derimot, hvis det er spørsmål om å utstyre dei store samlande internasjonale organisasjonane, som f. eks. F.N. med sterk myndighet for å styrke fredsarbeidet, kan eg tenkje meg å kunne tilrå å å avgi norsk suverenitet til F.N. Her er det ein avgjerande skilnad, idet eg meiner at det Europeiske Fellesskapet og dei organ som Fellesskapet har, ikkje tilfredsstiller dei krava som vi må setje her i Norge for å kunne gå med på å overføre myndighet frå Stortinget til desse organa.

Hvis ein skal gjere det – noko som er ei overlag ålvorleg sak – må ein for det første vurdere nøye om det formålet som ein vil fremje på denne måten, er så stort og verdfullt at det er forsvarleg å leggje myndighet til nokon instans utanom Stortinget. For det andre må ein vurdere om dei organa som ein gir myndighet til, i sin karakter og arbeidsmåte tilfredsstiller dei krav til objektivitet og rettskaffenhet som ein har rett til å stille. Med andre ord, ein må ha ein viss garanti for at den myndighet som ein gir ifrå seg, ikkje kan bli misbrukt til å fremje serinteresser og andre interesser som ikkje er i samsvar med våre interesser, eller til å føre ein politikk som vi prinsipielt er imot eller har liten eller ingen sympati for.

Det er også eit rimeleg krav at eit land som gir ifrå seg suverenitet til eit fellesorgan som det er medlem av – for å fremje visse formål – må ha eit rimeleg høve til å gjere sin innverknad gjeldande når vedkomande fellesorgan skal treffe sine avgjerder. Medan eg kan tenkje meg at det å overføre suverenitet til f. eks. F.N. vil tilfredsstille alle dei krav som eg nevnte ovanfor, finn eg ikkje at desse krava vil kunne bli oppfylte når det gjeld norsk med'emsskap i Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet – korkje når det gjeld formål, garanti mot misbruk av myndighet til fordel for serinteresser eller når det gjeld vår innverknad på dei avgjerder som vil bli tatt. Hertil kjem at dei fullmakter som det i dette tilfelle er tale om at Stortinget skal gje til organ utanfor landet, er umåteleg vidtfemnande og heilt udefinerte. Her i Norge er det endå til svært vanskeleg for Kongen – å få slike fullmakter frå Stortinget.

Kva slags krefter står bak Fellesskapet.

Det er ei overlag ålvorleg sak for eit land – og spesielt for eit lite land, å gi ifrå seg ein del av sin suverenitet. I denne samanheng er det også grunn til

å notere seg kven det blir som får det mest avgjerande ord i Fellesskapet.

Kva slags krefter er det som står bak, – som har drive igjennom dette storstilte og dristige forsøk på å skape ei europeisk superstormakt? Det er først og fremst den kontinental-europeiske kapitalismen, representert ved tyske og i nokon mun ved franske og belgiske kapitalinteresser. Denne tendensen har nå fått støtte ifrå USA, som aldri har forstått grunnen til at det er så mange nasjonastater i Europa.

Vi kjenner ifrå europeisk historie i dei siste 150 åra at Tyskland har gjort store freistnader på å samle under seg mest mulig av Europa og dominere Europa. I det forrige århundre førde Tyskland fleire sigerrike krigar med dette formål. I dette hundreåret har dei sett i verk to verdenskrigar med dette same formålet, men dei tapte begge. Ein skal ikkje vere heilt viss på at Tyskland har oppgitt å dominere Europa. Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet med sine overstatlege organ kan vere eit nytt utslag av den tyske politikken i Europa. Dei siste 6–8 åra har Tyskland i så fall hatt stor framgang i dette sitt arbeid i og med at Fellesskapet har tatt form og gradvis er blitt utvikla i retning av det mål som er blitt formulert i Roma-traktaten og truleg også i retning av mål som ikkje er formulert der, men som sikkert leidande tyske interessekrefter i politikken har.

Når ein ser på utviklinga av Fellesskapet, og den framgang som det trass i alle vansker har hatt til denne tid – og den kapitulasjon andsynes Fellesskapet som den britiske søknaden om medlemskap representerer og som har ført andre søknader med seg, – har ein grunn til å stille eit spørsmål: Vil Tyskland gjennom Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet greie det som det ikkje greide i to verdenskrigar i dette århundre? Det er grunn til for oss alle som må ta stundpunkt til om Norge skal gå inn i Fellesskapet, å tenkje på dette.

Dette spørsmålet er også aktuelt innan Fellesskapet i dag. Frankrike har ganske stor mistru til dei tyske hensikter i Fellesskapet, og det same har i nokon mun Belgia og Nederland – og sikkert ikkje utan grunn.

Det er blitt sagt at det er noko stort dette at Tyskland og Frankrike er blitt samde. Det er blitt hevda at frå eit sosialistisk syn må vi vere svært glade over dette. Til det er å segje at Fellesskapet ikkje representerar den sameining av dei europeiske folk som vi sosialistar har arbeidd for og vona på. Og det finst mange andre fredsvener i Europa som på ingen måte kjenner seg trygge på at samarbeidet i Fellesskapet er tufta på eit sikkert og trygt politisk grunnlag. For meg ser det ut som det skulle vere Bismarck og Napoleon som er blitt samde. Eg trur at vi trygt kan gå ut ifrå at det trengst ein god del politisk avklåring og utvikling både i Frankrike og Tyskland før eit politisk og økonomisk samarbeid mellom desse to landa kan bli tufta på eit sikkert og godt demokratisk politisk grunnlag.

La oss sjå litt på kva det kan ha å segje for Norge å gå inn i eller stå utanfor Fellesskapet.

Vi har tre alternativ, nemlig:

1. Å bli medlem.
2. Å få ein assosieringsavtale.
3. Å stå utanfor.

Det er nå heilt på det reine, at dersom eit europeisk land vil bli medlem, må det på forhånd godta Roma-avtalen og skrive under på den sameleis som dei seks har gjort. Det nyttar ikkje å stille opp ei mengd vilkår som er i strid med sjølve Roma-avtalen.

Eg for min part meiner at det er heilt uråd for Norge å godta Roma-avtalen av grunnar som eg har nemnt tidlegare og av andre grunnar som eg seinare skal koma inn på. Eg vil i denne samanhengen rette kritikk mot dei som arbeider for norsk medlemskap i Fellesskapet, fordi dei fører folk bak lyset når det gjeld denne saka, i og med at dei innbiller publikum at ein kan stille opp alle slags vilkår for medlemskap og få høve til å forhandle om dei. Det må gjerast klart for det norske folk at Roma-avtalen må godtas eller forkastast av Norge, slik som den er i dag — d.v.s. slik som den var i 1957, då dei seks godtok den og skreiv under på avtalen. Dei seks kan med god grunn segje — og det er dei det gjer: Vi har godtatt avtalen, slik som den er, og det må andre også gjere. Nye medlemmer kan ikkje få lettare vilkår enn vi måtte gå med på. Rett nok, er det mange spørsmål som berre er omtala i prinsippet i avtalen og som vi skal forhandle om. Det skal vi gjere oss imellom. Dersom ein vil vere med på å forhandle om desse spørsmåla, må ein først bli medlem. Det er i så måte illustrerande at Danmark søkte om medlemskap i november f. å. for å få høve til å vere med på å utforma jordbrukspolitikken. Dei fekk blankt nei. Jordbrukspolitikken skulle fastsetjast før Danmark blei medlem.

Ein må nå slå fast at situasjonen er den, at dersom eit land vil forhandle med Fellesskapet på basis av fullt medlemskap, kan slike forhandlingar berre førast på grunnlag av dei prinsipp og dei mål for den økonomiske politikken som er fastlagt i Roma-avtalen. Difor må ein avgi erklæring om dette før reelle forhandlingar kan koma i gang. Dersom ein gjer det, er saka i realiteten avgjort. På denne bakgrunnen bør ein sjå litt nærare på mange av dei vedtaka som blir gjort i organisasjonane nå om dagen. Mange slike vedtak går ut på å tilrå forhandlingar om medlemskap, men med sterke atterhald som oftast er i strid med Roma-avtalen.

Korleis ville desse vedtaka bli, dersom ein spurte: Vil de godta Roma-avtalen slik som den er nå? Vil de vere med på å godta Roma-avtalen utan atterhald, før vi kan få i gang forhandlingar? Dette vil vere ein realistisk måte å stille spørsmålet på. Det vil også vere av stor interesse for oss alle å få vite kven det er som vil gå så langt. I denne samanhengen vil eg koma inn på Regjeringa og Det Norske Arbeiderparti sin stilling. Sentralstyret gjorde den 30. november f. å. vedtak om at det er «enig med Regjeringa i at Norge ikke kan stå utenfor Fellesskapet». Vidare segjer vedtaket

at forma for tilslutning kan ein først ta standpunkt til etter at det er ført forhandlingar om vilkåra.

Her må ein med god grunn kunne spørje: Kva slags forhandlingsgrunnlag er dette, at ein på forhånd segjer at ein ikkje kan stå utanfor? Kva slags vilkår kan ein oppnå når ein gir ei slik erklæring på forhånd. Dette er det same som å segje at Norge godtek Roma-avtalen slik som den er i dag, ja, dette vedtaket går enda lenger, idet det segjer at Norge må gå inn utan omsyn til kva vilkår vi får.

Ein kan slå fast etter det som har stått i avisene at mange av dei vedtaka som er gjort i avdelingane i Det Norske Arbeiderparti og som formelt går ut på at ein skal søkje tilslutning på grunnlag av medlemskap, i røynda ikkje kan takast til inntekt for dette standpunktet, då det i vedtaka er sett vilkår som går langt ut over ånd og bokstav i Roma-avtalen.

Det er grunn til å tru at folk flest har fått eit rangt inntrykk av kva ein kan forhandle om. Det synest nå å bli meir og meir klårt at det einaste ein kan forhandle om er at dersom eit land har visse problem på eit eller anna område, kan det bli spørsmålet om å bli enig om visse rimelege tidsfristar for å koma i pakt med avtalen. For land som har serleg vanskelege og spesifikke problem på grunn av geografiske tilhøve o. l., kan spesielle ordningar truleg koma på tale.

Sume vil kanskje segje at ein må stille visse vilkår, og at dersom vi ikkje kan få oppfylt vilkåra våre, får ein søkje om ein assosieringsavtale etterpå. Det betyr at ein ikkje blir medlem, men at tilhøvet til Fellesskapet blir fastlagt ved ein avtale der alle plikter og rettigheter m. v. er fastlagt. Det er sannsynlig at Norge ikkje vil kunne få nokon slik avtale, idet Kommisjonen som ein då i tilfelle skal forhandle med, vil slå fast at Norges økonomi og heile situasjonen — bl. a. som Natoland — er slik at Norge bør vere medlem. Det vil ikkje høve for Fellesskapet å ha Norge som assosiert. Hvis Norge ikkje vil vere medlem, må landet stå utanfor og ta konsekvensene av det. Spørsmålet om Norge skal godta ein assosieringsavtale, dersom ein kan få ein slik, er avhengig av kva avtalen går ut på. Ingen kan segje noko om det i dag.

Det tredje alternativet er å stå utanfor. Då må ein ha ein handelsavtale med Fellesskapet. Di meir eg har studert dette spørsmålet, di meir er eg blitt overtydd om at dette er det einaste rette. Vanskane med å stå utanfor er sterkt overdrevne, medan dei problema som vi vil få dersom vi blir medlem, vil bli overlag store, både økonomisk og politisk.

Først vil eg ta eit spørsmål som sterkt vedrører Det Norske Arbeiderparti og vår økonomiske politikk reint generelt.

Det må vere klårt for alle at det grunnsyn, det grunnlag og dei retningslinjer for den økonomiske politikken innan Fellesskapet som er fastlagt i Roma-avtalen, er ein tvers igjennom kapitalistisk politikk og står diamestralt imot det grunnsyn som Det Norske Arbeiderparti har i sitt program. Fellesskapet sin økonomiske politikk er i sterk strid med den demokra-

tiske sosialistiske planøkonomien og velferdspolitikken som vi skal føre — og som vi i ein viss grad også fører. Fellesskapet legg hovedvekta på uhindra markeds konkurranse og fritt spel for dei økonomiske krefter. Den planlegging som blir gjort i Brüssel og i Fellesskapslanda har ikkje planøkonomi som sitt mål, men tek sikte på å leggja vilkåra til rette for ein fri markeds konkurranse og fritt spel for dei økonomiske kreftene.

Dersom vi går inn i Fellesskapet, må vår økonomiske politikk innan ei rimeleg tid leggjest om i samsvar med den felles politikk som skal førest i Fellesskapet på så å segje alle område i det økonomiske liv. Ein kan kanskje stille spørsmålet slik: Enten må politikken i Norge leggjast om i samsvar med Fellesskapet sin politikk — eller så må Fellesskapet leggje om sin politikk slik at den kjem i samsvar med Det Norske Arbeiderpartis prinsipielle program, arbeidsprogram og Regjeringens langtidsprogram. Eg har inntrykk av at ein del av talsmennene i partiet for medlemskap hallar til den siste optimistiske meining. Eg for min del torer ikkje lite heilt på det.

Det er sikkert tryggast å gå ut frå at eit eventuelt medlemskap i Fellesskapet innan kort tid vil påverke heile vår politikk på ein slik måte at dei konservative og kapitalistiske krefter i vårt land vil få ein langt sterkare stilling og langt større evne til å påverke samfunnslivet ut frå sine interesser. Vi vil då snart koma til å sjå slutten på den perioden som vi har hatt nå sidan krigen, og som har vore ein god periode for landet. I denne tid har vi ikkje berre hatt ein sterk økonomisk vekst, men den økonomiske og sosiale politikken er ført slik at vi har fått ein sosialt rettferdig fordeling av dei økonomiske goder og av auken i produksjonen. Det har vore peikt på at det først og fremst er dette som økonomisk i dag er skilnaden mellom Norge og dei andre skandinaviske land på den eine sida og Mellom-Europa med Tyskland, Frankrike og Belgia på den andre sida.

Vi må med all kraft protestera mot at Regjeringa og Stortinget fører oss opp i ein slik situasjon som fører til stopp i den politiske og økonomiske utviklinga som vi har hatt i dei seinare år. Vi må setje oss imot at Regjeringa og Stortinget igjen innfører ein politikk som vi for alltid burde ha gjort oss ferdig med her i landet.

Dei økonomiske fylgjer av medlemskap.

La oss sjå litt på visse økonomiske problem i samband med spørsmålet om å vera medlem eller stå utanfor.

Det er blitt sagt at det skal vere så heilt øydeleggjande for den norske eksportindustrien, dersom Norge blir ståande utanfor — spesielt dersom Storbritannia går inn i Fellesskapet. Under den føresetnad at både Storbritannia, Danmark, Sverige, Sveits og Østerrike går inn i Fellesskapet

på ein eller annan måte, har statsråd Holler lagt fram ei utrekning som viser den toll som vil falle på norsk eksport til Fellesskapslanda. Han har sagt:

«En har foretatt en beregning som viser at med den eksport vi hadde til de 12 land i 1960, utgjorde tollbelastningen (beregnet etter fellestariffen) omkring 300 mill. kroner. Det er altså den samlede tollbelastning vi vil få på den nåværende eksport ved å stå utenfor.»

Omlag halvparten av dette, d.v.s. 150 millioner kroner, representerer den tollauke som ein vil få ved å stå utanfor Fellesskapet samanlikna med situasjonen i dag.

Ingen må fortelja at dette er noko stort problem for den norske eksportindustrien, og det må vere eit svært lite problem samanlikna med alle dei ulemper som norske samfunnsliv på annan måte vil få, dersom Norge blir medlem.

Men alt er ikkje sagt om denne saka berre med å rekne ut kor mykje tollen blir på eksportindustrien ved å stå utanfor. Utrekninga var gjort under den føresetnad at Storbritannia og dei andre EFTA-landa gjekk inn i Fellesskapet på ein eller annan måte. Nå er den felles ytre handelspolitikken som skal gjerde Fellesskapet inne med ein høg tollmur, noko av det mest usympatiske med heile Fellesskapet. Det er overlag fårleg for oss her i Norge å gå med på ein slik handelspolitikk, men det må vere endå vanskelegare for Storbritannia av omsyn til handelen med samveldelanda. Ein kan gå utifrå at eit av dei krava som Storbritannia må setja for medlemsskap, er å få redusert den felles ytre tollmuren rundt Fellesskapet. Sidan dette blir gjort av omsyn til land utanom Fellesskapet i andre deler av verda, vil det også gjera det lettare for andre å stå utanfor.

Det skulle heller ikkje vere vanskeleg for Norge å tilby Fellesskapet ein handelsavtale som set ned tollsatsane andsynes Fellesskapslanda og andre land i same tempo og etter det same system som det Fellesskapslanda praktiserar. Føresetnaden er at ein slik avtale vil vere i samsvar med Gattavtalen og dei vilkåra vil det ikkje vere vanskeleg å oppfylle.

Vi må slå fast at det ikkje er heldig for Norge å binde seg til å fylgje den felles handelspolitikken som Fellesskapslanda skal føre. Det er føresetnaden i Roma-avtalen at etter ei viss tid skal Fellesskapet slutte alle handelsavtaler med andre land på vegne av medlemmene i Fellesskapet. Vi må med andre ord oppgi å føre vår eigen handelspolitikk. Dette er ei så alvorleg sak, og kan ha så stor innverknad på fleire av våre næringar, at det ikkje bør godtas.

Både ut frå våre næringsinteresser, ut frå vårt tilhøve til utviklingslanda, ut frå vårt tilhøve til landa i aust, og vårt tilhøve til andre land, t. d. U.S.A., Canada og andre både i og utanfor det britiske samvelde, og ut frå generelle politiske omsyn, må Norge stå fritt til å kunne føre sin eigen handelspolitikk.

Kapitel 2, Art. 52 i Roma-avtalen er svært viktig. Her står det m. a.: «Innen rammen av bestemmelsene i det følgende skal de restriksjoner som hindrer

en medlemsstats statsborgere i fritt å utøve næringsvirksomhet på en annen medlemsstats område, gradvis avskaffes i løpet av overgangsperioden.»

Dette er den såkalla frie etableringsretten. Det er heilt klart at i kraft av denne har utlendingar same retten som nordmenn til å kjøpe opp her i landet, jord, skog, fjellvidder, malmfelt, fossefall, fabrikkar og anna, så sant dei har pengar å kjøpe for. Det er det einaste det spørst om. Utlendingar kan også slå seg ned og setja i gang produksjon for å nytte ut norske råstoffer frå fisket, jordbruket, skogen, fjellet o.s.v. eller for å nytte ut spesielt kvalifisert norsk arbeidskraft.

Det har vore peika på at ein kan unngå dette ved på forhånd å setja i verk spesiell lovgiving og endåtil ved sosialisering. Sosialisering eller rettare sagt nasjonalisering kan nok sannsynligvis brukast i visse høve, men ikkje i alle. Men skal vi gjere det, må politikken her i landet først av kraftigare sosialistar enn dei som prøver å bortforklara den store fåren som landet risikerar ved den frie etableringsretten.

Dei folk som har laga Roma-avtalen har på ingen måte tenkt seg at medlemslanda skal få høve til å slunte unna med å setje i verk den frie etableringsretten. Art. 54 i avtalen inneheld direktiv til Rådet og Kommissjonen om å utarbeide regler for gjennomføring av den frie etableringsretten. Det er Rådet og Kommissjonen som skal ha initiativet og ikkje den enkelte stat.

Den frie etableringsretten er eit avgjerande prinsipp i Roma-avtalen. Det er vanskeleg å tenkja seg at noko land kan bli medlem i Fellesskapet utan å godta kap. 2, art. 52—58 om den frie etableringsretten heilt og fullt.

Kva vil så dette ha å segje for norsk næringsliv? Det kan føre til ein ukontrollert utanlandsk infiltrasjon i dei gode delene av det norske næringslivet og ei innleming av store deler av norsk næringsliv i dei vest-europeiske store konserner, som vil koma til å avgjera korleis norske materialer, norsk elektrisk kraft og norsk arbeidskraft skal brukast.

På den andre sida får også nordmenn som måtte ha pengar høve til å setje desse i økonomiske tiltak i dei andre Fellesskapslanda. Det er ei anna sida ved Fellesskapet som ikkje er den minst fårlege for Norge. Fåren for kapitaleksport — eller kapitalflukt fra eit lite og kapitalfattig land.

La oss sjå på art. 48 i avtalen. Her står det m. a.:

«1. Arbeidstakernes frie bevegelighet innen Fellesskapet skal være gjennomført senest ved overgangsperiodens utløp (d.v.s. 1970).

2. Den skal innebære avskaffelse av enhver forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet for arbeidstakere i medlemsstatene når det gjelder sysselsetting, lønn og øvrige arbeidsvilkår.»

Berre offentleg administrasjon er unntatt.

Det har vore sagt mykje omkring det felles frie arbeidsmarked. Ein må sjå dette i samanheng med den frie etableringsretten og det frie felles kapitalmarked. Vi kan risikere at det blir sett inn både utanlandsk kapital og utanlandsk arbeidskraft for å nytte ut norske råmaterialer og norsk elektrisk kraft. Det er rimeleg å gå ut frå at kvalifisert arbeidskraft vil flytte frå

landet og lite kvalifisert arbeidskraft vil flytte inn her. Fagorganisasjonen og norske arbeidarar vil koma til å få mange vanskelege spørsmål i denne samanhengen.

Det burde vere eit rimeleg krav at eit felles arbeidsmarked berre kan gjennomførast mellom land der løn og andre arbeidsvilkår, levestandard og sosiale vilkår og ytingar ligg på nokolunde same nivå. Dette er på ingen måte tilfelle i heile Vest-Europa i dag.

Det frie kapitalmarked er slått fast i art. 67 i avtalen. Denne artikkelen lyder slik:

«1. Medlemsstatene skal i løpet av overgangsperioden i den utstrekning det er nødvendig for at Fellesmarkedet skal funksjonere tilfredsstillende, gradvis avskaffe seg imellom restriksjoner på kapitalbevegelser, såfremt kapitalen tilhører personer som er bosatt i medlemsstatene, så vel som forskjellsbehandling på grunnlag av partenes nasjonalitet eller bosted eller på grunnlag av plasseringen av kapitalen.

2. De løpende betalinger i forbindelse med kapitalbevegelser mellom medlemsstatene skal frigjøres fra alle restriksjoner senest ved utløpet av første etappe.»

Dette vil føre til ei heil omlegging av den norske pengepolitikken, valutapolitikken og kredittpolitikken. Ei slik omlegging vil ha den sterkaste innverknad på heile vår økonomiske politikk. Vi må gi opp den låge renta. Kor høgt renta må opp, er ikkje godt å segje, men ho må vere så høg at kapitalen ikkje fer ut or landet. Utanlandske bankar vil kunne skipa filialar her i landet, og konkurrere med norske bankar om innskotskapitalen. Vi blir ikkje lenger herre over vår eigen pengepolitikk. Den låge renta har vore ein avgjerande del av den økonomiske politikken som vi har hatt i Norge i åra etter krigen. Det er mykje ved hjelp av den at vi har kunna føre den boligpolitikken som vi har hatt. Medlemskap i Fellesskapet vil segje at heile denne politikken må leggjast om. Det vil få alvorlege konsekvenser for store deler av folket.

Det frie europeiske kapitalmarked er ein avgjerande del av Fellesskapet. Det er lite rimeleg at noko nytt medlemsland kan få andre unntaksbestemmelser på dette område enn ei rimeleg overgangstid.

Den generelle omlegging av heile vår økonomiske politikk som medlemskap i Fellesskapet vil føre med seg for Norge, vil også ha den sterkeste innverknad på vår sosialpolitikk og vår utjanningspolitikk mellom dei ymse næringar og inntektsgrupper.

Artiklane 38 til 51 i Roma-avtalen vedrører jordbruket og fisket. Her blir det sagt at den felles markedsordning skal gjelde også for varer frå jordbruket og fisket. Samstundes skal det gjennomførast ein felles jordbrukspolitikk og fiskeripolitikk for medlemslanda. Med omsyn til jordbruket må vi rekne med at medlemskap i Fellesskapet vil føre til heil omlegging av

den norske jordbrukspolitikken med ålvorlege fylgjer for bøndene, og etter mi meining for heile landet. Den jordbrukspolitikken som er lagt til rette her i landet i dei seinare år, byggjer på ein sterk teknisk utvikling i jordbruket i samsvar med bøndene sine eigne krav og dei retningslinjer som er lagt opp av jordbruket sine organisasjonar. Det kan ikkje vere rett at norsk jordbrukspolitikk i framtida skal fastleggjast i Brussel. Eg skal ikkje koma inn på dei beredskapsomsyn som også kjem inn i biletet, når det gjeld jordbruket. Den felles jordbrukspolitikken i Fellesmarkedet er nå fastlagt, men vi kjenner den ennå ikkje i detaljer.

Med omsyn til fisket, kan vi trygt segje at her får vi store vanskar enten vi blir medlem eller står utanfor. Dersom vi står utanfor, får vår fiskevareeksport ein god del vanskar å stridast med ved eksport til fellesskapslanda på grunn av den høge tollmuren. Eksporten til desse landa, d.v.s. dei 12, representerar i dag ein stor del — d.v.s. over halvparten av vår fiskevareeksport. Det er rimeleg at representantar for fiskerinæringa tenkjer på dette, når dei skal vurdere spørsmålet.

På den andre sida vil den frie etableringsretten og den felles fiskeripolitikken føre med seg endå større vanskar for norsk fiskerinæring, dersom vi går inn i Fellesskapet. Då må vi rekne med at utanlandske fiskefarty vil få den same rett til å fiske innanfor den norske fiskerigrense som norske fiskefarty. Dei store utanlandske konsern i fiskebransjen kan bygge sine eigne anlegg i norske hamner, eller kjøpe anlegg som er på norske hender i dag, og drive fiske, fiskevareproduksjon og eksport til sine eigne firma i utlandet. Norsk fiskerinæring kan gradvis koma over på utanlandske hender. Det vil bli overlag vanskeleg å kunne halda oppe råfiskeleva og fiskarane sine salsorganisasjonar.

Det er ei vanleg meining i Norge nå at vi ikkje kan gi opp råfiskeleva og den spesielle omsetnadsform som vi har bygt opp gjennom fiskarane sine salsorganisasjonar. Ein er vel likeeins stort sett samd om at vi ikkje kan sleppe utanlandske fiskefarty lenger inn på norsk område enn vi alt har gjort ved dei avtaler om ein overgangsordning som vi har gått med på. Eg har også inntrykk av at ein stort sett er samde om at ein ikkje kan gå med på den frie etableringsretten av omsyn til dei konsekvenser den den kan få for norsk fiskerinæring.

Dersom ein frå norsk side kjem til å stå fast på dette — og det bør ein gjere — vil dette bety at Norge må stå utanfor Fellesskapet.

Før eg kjem fram til min konklusjon, vil eg ta for meg eit par av dei argumenta som talsmennene for norsk medlemskap i Fellesskapet ofte brukar.

Det blir sagt at ved å stå utanfor, vil Norge isolere seg. Det er etter mi meining ingen grunn for Norge til å isolere seg av den grunn, og det er ingen fåre for at det vil bli gjort heller —. Tvert imot vil ein då ha større grunn til å knyte sterkare kontaktar med resten av verda. Og vi må vere førebudde på at det i åra som kjem kan ha overlag mykje å segje for eit land som Norge å stå sa fritt som råd er i tilhøvet til utviklingslanda og alle andre land utanom

Vest-Europa — både i aust og vest. Fellesskapet representerar etter mi meining ein fåre for ein vest-europeisk isolasjon, fordi det vil bli møtt med skepsis i andre deler av verda på grunn av sin sterke maktkonsentrasjon og sine politiske mål.

Vi sosialistar blir ofte minte om at sosialistane i Fellesskapslanda går så sterkt inn for Fellesskapet. Det tykkjer visst mange er eit sterkt argument. Vi treng nå ikkje gå til Frankrike og Belgia for å finne sosialistar som går inn for medlemskap i Fellesskapet, og argumentet blir ikkje sterkare fordi om det opprinneleg er av utanlandsk fabrikat.

Vi kan slå fast at arbeidarrørsla i Norge har delt seg sterkt på dette spørsmålet, og det same er tilfelle i fleire andre EFTA-land.

Spørsmålet om sameining av Europa har vore diskutert i europeisk arbeidarrørsla i åra etter krigen. I dette ordsksfitet har serleg franske og belgiske sosialistar gått sterkt inn for at den europeiske arbeidarrørsla må gå inn for samling av Europa snarast råd er. Til dette har det vore svara frå britiske og skandinaviske sosialistar at den politiske utvikling i fleire av landa på Kontinentet ikkje er komen så langt at det ligg føre noko sikkert grunnlag for ei slik samling.

Dei sosialistpartia som går sterkast inn for europeisk samling er dei som står veikast i sine egne land. Dei trur at dei skal styrke sin politiske stilling i eit samla Europa. Ein kan med god grunn svare til dette at først ved å vise evne til å få innverknad og politisk makt i sine egne land, har dei vist kva føresetnader dei har til å gjera seg gjeldande i ei større eining som langt på veg er eit statsforbund. Ved at fleire europeiske land går inn i Fellesskapet, vil ein berre styrke dei parti og dei menn som har makta i slike land som Frankrike og Tyskland i dag. Sosialistane vil få større vanskar med å gjere seg gjeldande på grunn av det antidemokratiske systemet som Fellesskapet bygger opp politisk. Den direkte innverknad frå folket si side blir sterkt redusert innan Fellesskapet.

Konklusjon.

Min konklusjon er at Norge må ta sikte på å stå utanfor Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet av fylgjande grunnar:

1. Det er uforsvarleg av Stortinget å gi frå seg norsk suverenitet til Fellesskapet.

Med omsyn til formål, garanti mot misbruk av fullmakter og høve til å ha innverknad på avgjerdene, fyller ikkje Fellesskapet og dei utøvande organ der, dei vilkår som ein må setje for slik overføring av suverenitet. Fellesskapet undervurderar verdet av det nasjonale og politiske sjølvstande. Ein bør ikkje fremje store økonomiske og

politiske einingar når det vil gå så sterkt ut over folket sine nasjonale og politiske interesser.

2. Medlemskap i Fellesskapet vil føre med seg eit brot i den økonomiske og sosiale politikken som er førd her i landet i åra etter krigen. Den demokratiske planøkonomi og velferdspolitikkk med økonomisk utjamning som er førd i Norge i dei seinare åra, må i så fall gradvis skiftast om til ein politikk som byggjer på heilt motsette prinsipp, nemlig fritt spel for dei økonomiske krefter med konkurransen som den viktigste regulerande faktor.
3. Også av andre grunnar vil det ha uheldige konsekvenser politisk å knyte Norge til Fellesskapet som medlem. Dette gjeld serleg tilhøvet til utviklingslanda, men det gjeld tilhøvet også til andre land både i aust og vest. Dessutan er det politisk generelt uheldig å overføre viktige politiske avgjerder fra Stortinget til organa i Fellesskapet.
4. Det er ikkje heldig for Norge å knyte sin handelspolitikk til Fellesskapet. Det norske næringslivet har totalt sett størst interesse av å stå så fritt som råd er til alle kanter i sin handelspolitikk.
5. Norge kan ikkje akseptere den frie etableringsretten innan Fellesskapsområdet.
6. Norge kan heller ikkje akseptere forpliktelsen til å innføre eit fritt kapitalmarked.
7. Medlemsskap i Fellesmarkedet vil få altfor store og ålvorlege konsekvenser for det norske jordbruket.
8. Med omsyn til fisket, vil vanskane med å stå utanfor rett nok bli store, men konsekvensane av å gå inn i Fellesskapet vil bli så ålvorlege at Norge bør stå utanfor. Det vil bli lettare å trygge framtida for norsk fiskerinæring utanfor enn innanfor Fellesskapet.

Det er sagt at Norge ikkje kan stå utanfor Fellesskapet, dersom Storbritannia og Danmark går inn.

Det er rettare å segje at Norge ikkje kan gå inn i eit Fellesskap av denne karakter, same hvem som er medlemmer der.

Dette skrift er utgitt av Aksjon mot norsk medlemskap i Fellesmarkedet, Bergen avdeling.

Avdelingen blir støttet av fiskeridirektør Sunnanå, redaktør Arthur Berg, teatersjef Bjarne Andersen og komponisten Harald Sæverud.

Avdelingens forskjellige utvalg har vært i virksomhet siden oktober 1961.

Der er annonsert eller vil bli annonsert for ca. 50.000 kroner i tiden frem til april 1962. Annonsene har gått over hele landet.

Der er trykt bortimot 100.000 plakater, som er fordelt landet over.

Der er utgitt tre brosjyrer—av fiskeridirektør Klaus Sunnanå, stortingsmann Erik Braadland og dr. philos. Arild Haaland.

Hele virksomheten blir finansiert gjennom frivillige bidrag.

De som ønsker å støtte vår virksomhet, kan gjøre dette over postgiro 708 20.

Skrifter mot Fellesmarkedet

DOSENT LEIF JOHANSEN:

NORGE OG FELLESMARKEDET

Opplag 25.000.

HELSEDIREKTØR KARL EVANG:

FELLESMARKEDET

Har de små land utspilt sin rolle?

Opplag 15.000.

PROFESSOR RAGNAR FRISCH:

FELLESMARKEDET:

Falsk internasjonalisme og urasjonell økonomi.

Opplag 20.000.

FISKERIDIREKTØR KLAUS SUNNANÅ:

NORGE OG ROMA-TRAKTATEN

Opplag 7.000.

STORTINGSMANN ERIK BRAADLAND:

ER VALGET SÅ VANSKELIG?

Et innlegg i Kringkastingen 19. oktober 1961.

Opplag 7.000.

DR. PHILOS. ARILD HAALAND:

FELLESMARKEDET OG NORGES FRIHET

150 spørsmål og svar.

Opplag 12.000.

Kr. 2.— pr. stk.